



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Deres ref
SHA/466

Vår ref
01/00843

Dato 02.03.2001

FASTLEGEORDNING FOR BARN I BARNEVERNET

Vi viser til Dykkar brev av 15. februar 2001 med spørsmål om korleis fastlegeordninga skal løysast for barn som barnevernet har omsorg for.

I forskrift av 14. april 2000 om fastlegeordning i kommunene er det fastsett at det er barneverntenesta som kan velje fastlege for barnet når omsorga og/eller foreldreansvaret er fråteke foreldrene etter barneverntenestelova §§ 4-8, 4-12 og 4-20, jf. § 4 tredje ledd i forskrifta.

Barneverntenesta må gjere ei konkret vurdering i det enkelte tilfelle ved val av fastlege. Formålet med fastlegeordninga, som mellom anna er kontinuitet i pasient/legeforholdet, må vektleggjast også for desse borna. Dersom barnet vert flytta til ei ny kommune, legg Barne- og familiedepartementet til grunn at barneverntenesta får tilsendt legevalskjema for eventuelt å velje ny lege, jf. forskrifta § 3 siste ledd.

Når barnet er mellom 12 og 16 år kan det sjølv setje fram krav om bestemt fastlege, jf. forskrifta § 4 andre ledd. For barn som barnevernet har omsorg for, men der foreldrene framleis har foreldreansvaret, vil det vere barneverntenesta som skal samtykke. Barn

Postadresse
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59


Telefon - sentralbord
22 24 90 90 / 22 24 26 01
Org. nr.:
972 417 793


Barne- og
ungdomsavdelingen
Telefaks:
22 24 27 19

Saksbehandler
Bodil Rake Lystrup
22 24 26 27

som har fylt 16 år kan sjølv treffe avgjerd om val av fastlege. Dette vil også gjelde barn som er plassert på institusjon.

Med helsing


Tone G. Smith (e. f.)


Bodil Rake Lystrup

Kopi: Sosial- og helsedepartementet

Alle fylkesmenn

Alle fylkeskommunar

Alle kommunar